

Kontrollutvalet i Sauda kommune



ÅRSMELDING
2019

INNLEIING

Kontrollutvalet si årsmelding er ei tilbakemelding til kommunestyret om utvalet si verksemd og kva saker og oppgåver som er tatt opp, drøfta og handsama i 2019.

I følgje kommunelova § 23-5 skal ”**kontrollutvalet rapportere resultatene av sitt arbeid til kommunestyret**”.

1. OM KONTROLLUTVALET

Kontrollutvalet er eit lovpålagt organ som skal på vegne av kommunestyret syte for tilsynet med forvaltninga av kommunen (rekneskapsrevisjon og forvaltningsrevisjon) og selskap som kommunen eig (eigarskapskontroll). Utvalet skal også sjå til at revisjonen fungerer på ein trygg måte. Ordninga er heimla i kommunelova og i eiga forskrift om kontrollutval og revisjon.

Kontrollutvalet er ikkje underlagt andre organ enn kommunestyret og rapporterer og innstiller til dette.

Kontrollutvalet har eige reglement, vedtatt av kommunestyret i 2012 og revidert i 2014.

2. MEDLEMENE I UTVALET

Det er kommunestyret sjølv som vel medlemene til kontrollutvalet. Kontrollutvalet skal ha minst fem medlemmer, og etter § 23-1 i kommunelova skal minst eit av medlemene i utvalet veljast mellom representantane i kommunestyret. Tilsette i kommunen er utelukka frå val til kontrollutvalet. Medlemmene kan heller ikkje vere medlem eller varamedlem i andre utval eller sitte i styret eller bedriftsforsamlingar der kommunen har eigarinteresser.

For perioden 2015-2019 valde Sauda kommunestyre følgjande medlemmer til kontrollutvalet:

Faste medlemmer:

Leiar: Alan Geoffrey Thompson (Ap)
Nestleiar: Jon Lambrigt Grindheim (Sp)
Medlem: Wenche Pleym (Ap)
Medlem: ~~Signe Marie Breivik (Krf)~~
Medlem: Eirik Tangeraaas Lygre (V)
Medlem: Synnøve Selvik (Krf) – frå 24.10.18
Medlem: Knut Sæua (V) – frå 12.12.18

Varamedlemmer:

1. Sjur Hatlen (H)
2. Laura Seltveit (Ap)
3. Eirik Birkeland (Sp)

Jon Lambrigt Grindheim var fast medlem i kommunestyret. Leiar og nestleiar i kontrollutvalet har møte- og talerett i kommunestyret når utvalet sine saker blir handsama.

Ordføreren har møte- og talerett i utvalet. Ordføreren har delteke på tri av møta i 2019. Rådmannen har ikkje møterett, men kan innkallast av utvalet. Han eller andre frå administrasjonen har delteke på to av møta i 2019.

Møta vert gjort kjent på kommunen sine nettsider og sekretariatet sine heimesider. På desse stadene vert også sakspapira og protokollar lagt ut.

For valperioden 2019-2023 har kommunestyret vald følgjande medlemmer:

Faste medlemmer

Leiar **Odd Magne Lønseth** (Ap)

Nestleiar **Øyvind Djuv** (H)

Medlem **Laura Seltveit** (Ap)

Medlem **Ola Magnar Birkeland** (Sp)

Medlem **Lillian Nordengen** (Sp)

Varamedlemmer

1. Lisa Stornes (SV)

2. Egil Bakke (Ap)

3. Katrine Skorpe Nærheim (H)

4. Jon L. Grindheim (Sp)

Ola Magnar Birkeland er utvalet sin kommunestyrerepresentant.

3. AKTIVITETEN I KONTROLLUTVALET I 2019

Kontrollutvalet har i 2019 hatt **4** ordinære møte fordelt med to første halvår og to andre halvår. Utvalet held møta på rådhuset. Kontrollutvalet skal ha opne møte, men dei skal og kan lukke når det er heimla i lov.

Utvalet har hatt **23** (24) saker til handsaming, kor 6 (5) saker blei oversendt til kommunestyret. 32 (36) saker har blitt lagde fram for utvalet til orientering. Samla oversyn over saker og orienteringssaker følgjer som vedlegg til årsmeldinga

Det var ingen frå Sauda som deltok på fagkonferansen til NKRF i februar eller på konferansen til Forum for kontroll og tilsyn i Kristiansand i juni.

På dagskonferansen i Sandnes arrangert av Forum for kontrollutval i Rogaland deltok to av medlemmane. Normalt er denne konferansen i november, men pga. val av nye utval blei den arrangert 9. januar 2020.

4. KONTROLLUTVALET SINE HOVUDOPPGÅVER

Kontrollutvalet har oppgåver knytte til internt tilsyn og kontroll gjennom rekneskapsrevisjon, forvaltningsrevisjon og eigarskapskontroll.

4.1 REKNESKAPSREVISJON

Kontrollutvalet skal sjå til at kommunen sin årsrekneskap vert revidert på ein trygg måte. Kontrollutvalet skal også halda seg orientert om revisjonsarbeidet og sjå til at det går føre seg i samsvar med lov, føresegner og god kommunal revisjonsskikk.

Kontrollutvalet hadde i møtet 06.05.19, sak 8/19 kommunen sin årsrekneskap for 2018 til handsaming. Totalt sett blei rekneskapen gjort opp med eit rekneskapsmessig mindreforbruk/overskot på kr 3,3 mill.kr (etter avsetjing til driftsmidlar til investeringar og fond i samsvar med budsjett).

Årsrekneskapen viste eit positivt netto driftsresultat med 17,3 mill. kr, som utgjer 3,3 % av driftsinntektene. Resultatet var over teknisk berekningsgrunnlag sitt anbefalte nivå på 1,75 %.

Kontrollutvalet hadde inga merknader til sjølve rekneskapet. Revisor hadde levert rein revisjonsmelding.

Skatterekneskapen for 2018 vart lagt fram for utvalet til orientering i møtet den 04.02.19.

4.2 FORVALTNINGSREVISJON

I følgje kommunelova skal kontrollutvalet sjå til at det vert gjennomført forvaltningsrevisjon av den kommunale verksemda. Kontrollutvalet skal innan utgangen av første året i valperioden utarbeida ein plan for gjennomføring av forvaltningsrevisjon. Forvaltningsrevisjon skjer etter kommunestyret sin vedtekte plan for forvaltningsrevisjon.

Plan for forvaltningsrevisjon for perioden 2016-2020 blei utarbeida i 2016 og vedteken av kommunestyret 22.06.16, sak 66/16. Ny plan for 2020-2024 vil bli vedteken i 2020.

I møtet 06.05.19, sak 10/19 blei rapporten om «Kvalitet på opplæringa i skulen» handsama. Kommunestyret handsama rapporten i møtet 19.06.19 og innstillinga frå utvalet blei samrøystes vedteke. Det blei gitt ein frist på ni månader for rådmannen til å følgje opp rapporten sine tilrådingar. Utvalet vil følgje opp dette arbeidet i 2020.

Utvalet handsama oppfølging av rapporten om «Kvalitet/effektivitet i pleie og omsorg» i møtet 06.05.19. Kommunestyret handsama saka i møtet 19.06.19. Kommunestyret tok rådmannen si tilbakemelding til orientering

4.3 SELSKAPSKONTROLL

Kommunelova pålegg kontrollutvalet å sjå til at det vert ført kontroll med forvaltninga av kommunen sine interesser i selskap som er heileigde av kommunen eller eigde saman med andre kommunar. Kontrollutvalet skal minst ein gong i valperioden og seinast innan utgangen av året etter at kommunestyret er konstituert, utarbeida ein plan for gjennomføring av selskapskontroll.

Ny plan for selskapskontroll for perioden 2016-2020 blei utarbeida i 2016 og vedteken av kommunestyret 22.06.16, sak 66/16.

Utvalet har ikkje bestilt eller handsama rapportar om selskapskontroll i 2019.

4.4 TILSYN MED REVISOR

Tilsyn med revisjonen blir gjennomført ved gjennomgang av revisjonens planer og rapporter. Utvalet innhentar kvart år uavhengighetserklæring frå ansvarleg revisor. Revisor har møte- og talerett i utvalet sine møte.

KPMG AS har sidan 01.07.12 vore kommunen sitt revisjonsselskap. Noverande avtale gjeld frå 01.07.16 til 31.06.20, men blei forlenga med 1 år til 31.06.21 ved bruk av kommunen sin opsjonsavtale. Sak om bruk av opsjon eller ny anbudsrunde blei lagt fram for kommunestyret i juni, sak 31/19. Arbeidet med ny anbuds konkurranse vil starte i vår og val av revisjonsselskap vil skje til hausten 2020.

Oppdragsansvarleg rekneskapsrevisor er Roald Stakland. Forvaltningsrevisorane har kontor i Bergen. Det har vore revisorar til stades i to av møta i 2019.

Revisor har møte- og talerett i utvalet sine møte. Det er presentert revisjonsplan og lagt fram mandat og rapport frå forvaltningsrevisjonsarbeidet.

KPMG AS har lagt fram uavhengighetserklæring, presentert plan for revisjonsarbeidet, orientert om revisjonsarbeidet og presentert forvaltningsrevisjonsrapport.

4.5 TILSYN MED FORVALTNINGA

Tilsyn med forvaltninga er gjennomført ved at utvalet har fått orientering frå rådmannen om spørsmål og saker utvalet har spurt om. Rådmannen har orientert utvalet om aktuelle saker, mellom anna om budsjettframlegg og økonomiplan. Utvalet har også blitt orientert om statlege tilsyn og KOSTRA-tal.

Utvalet er ikkje klageorgan for enkeltvedtak og skal heller ikkje overprøve politiske vedtak.

5. BUDSJETT/REKNESKAP – KONTROLLARBEIDET

Økonomiavdelinga har opplyst følgjande rekneskapstal for 2019:

TENESTE 1100	REGNSKAP 2018	BUDSJETT 2019 (utvalet)	REKNESKAP 2019
Godtgjersle og driftsutgifter	68 066	93 000	42 631
Revisjonstenester	500 126	535 000	557 866
Sekretariatstenester	172 000	177 000	177 000
Sum utgifter	740 192	805 000	777 497

Kontrollutvalet handsama i møtet 02.09.19 framlegget til budsjett for 2020. Totalt var framlegg til budsjett på kr 836 000 inklusiv mva. Budsjettet blei oversendt kommunen for vidare oppfølging og skal ifølgje loven bli lagt fram for kommunestyret når budsjettet for kommunen blir handsama.

6. SEKRETARIAT

Kommunane er pålagt å ha eit kontrollutvalssekretariat som er uavhengig, dvs. ikkje knytte opp mot rådmann eller revisjon. Haugaland Kontrollutvalgssekretariat IKS kom i drift frå 2005 og har vore i drift i 15 år. Selskapet er eid av 10 kommunar og oppgåvene blir ivaretatt av to tilsette. Sekretariatet har, i tillegg til kontakt og samarbeid med utvala, administrasjon og politisk leiing, samarbeid med tri revisjonsselskap, andre interkommunale selskap i regionen og sekretariata i Rogaland, Hordaland og Agder.

Fast utvalssekretær har vore seniorrådgjevar Odd Gunnar Høie. Sekretariatet har eigne heimesider, www.kontrollutvalgene.no, kor mellom anna alle sakskart, protokollar og rapportar blir lagd ut fortløpande.

Solfrid Seim Nilsen møtte som representant for Sauda kommune på representantskapsmøtet 06.05.19. For valperioden 2019-2023 er Dagfinn Birkeland valt medlem i representantskapet med Hallgeir Amdal som varamedlem.

7. OPPSUMMERING

Aktiviteten i 2019 har vore som planlagt. Forvaltningsrevisjonsrapport om «Kvalitet på opplæringa i skulen» blei handsama av utvalet og kommunestyret. Rapport om «Kvalitet/effektivitet innafor pleie og omsorg» blei følgd opp av utvalet og kommunestyret. Utvalet har tinga Risiko- og vesentlegvurderingar og Planar for forvaltningsrevisjon og eigarskapskontroll for levering i 2020. Rådmannen har gjort greie for aktuelle saker som utvalet har bede om undervegs gjennom året.

Sauda, 13. februar 2020

Odd Magne Lønseth
Leiar

Lillian Nordengen

Øyvind Djuv

Laura Seltveit

Ola Magnar Birkeland

VEDLEGG

OVERSIKT OVER SAKER LAGT FRAM FOR KONTROLLUTVALET

Saker til handsaming:

- 01/19 Godkjenning av protokoll 12.11.18
- 02/19 Referat- og orienteringssaker 04.02.19
- 03/19 Orientering om vedtatt budsjett 2019 og økonomiplan 2019 - 2022
- 04/19 Endring av møteplan for 2019
- 05/19 Årsmelding for kontrollutvalget 2018

- 06/19 Godkjenning av protokoll 04.02.19
- 07/19 Referat- og orienteringssaker 06.05.19
- 08/19 Sauda kommune - uttale til regnskapet for 2018
- 09/19 Oppfølging av rapport – «Kvalitet/effektivitet i pleie og omsorg»
- 10/19 Revisjonsrapport – «Kvalitet på opplæring i skolene»
- 11/19 Revisjonsavtalen – bruk av opsjon eller nytt anbud i år

- 12/19 Godkjenning av protokoll 06.05.19
- 13/19 Referat- og orienteringssaker 02.09.19
- 14/19 Vurdering av revisors uavhengighet 2019
- 15/19 Utvalgets forslag til budsjett for kontroll og tilsyn 2020
- 16/19 Evaluering av kontrollutvalgets arbeid i inneværende periode 2015 - 2019

- 17/19 Kontrollutvalgets ansvar og oppgaver
- 18/19 Forslag til møteplan for 2020
- 19/19 Godkjenning av protokoll 02.09.19
- 20/19 Revisjonsplan for regnskapsåret 2019
- 21/19 Bestilling av Risiko- og vesentligvurderinger og planar for forvaltningsrevisjon og eierskapskontroll 2020 – 20204 for Sauda kommune
- 22/19 Orientering om forslaget til budsjett 2020 og økonomiplan 2020-2023
- 23/19 Referat- og orienteringssaker

Saker til orientering:

1. Statusrapport pr. februar 2019
2. Evaluering/oppsummering av høstkonferansen i Sandnes 22.11.18
3. Kst.vedtak 12.12.18, sak 83 – søknad om fritak og valg av nytt medlem til KU
4. Kst.vedtak 12.12.18, sak 84 – oppfølging av revisjonsrapport om økonomistyring
5. Regnskapsoversikt for kontroll og tilsyn 2018
6. Budsjett 2019 for kontroll og tilsyn – vedtatt av kommunestyret
7. Årsrapport og skatteregnskap 2018 fra skatteoppkreveren i Sauda
8. Informasjon om statlige tilsyn med kommuner og fylkeskommuner i Rogaland 2019
9. Protokoll fra representantskapsmøte i Haugaland Vekst IKS 20.12.18
10. Sivilombudsmannen om lukking av møter i kontrollutvalg 07.11.18
11. Kommunal rapport 15.01.19 – prof. Bernt svarer – valg av representantskap til et IKS
12. Statusrapport pr. mai 2019
13. Kontrollrapport 2018 vedrørende skatteoppkreveren for Sauda kommune
14. Kommunestyrevedtak 13.03.19, sak 14/19 – Årsmelding 2018 fra kontrollutvalget

15. Protokoll frå representantskapsmøte 10.04.19 – Interkommunalt Arkiv Rogaland IKS
16. Innkalling til representantskapsmøte 06.05.19 – Haugaland Kontrollutvalgssekretariat IKS
17. Innkalling til representantskapsmøte 30.04.19 – Haugaland Vekst IKS
18. Kommunal rapport - 31.01.19 – «Forvaltningsrevisjon utvikler lokaldemokrati»
19. Kommunal rapport - 14.03.19 – «Synlige kontrollutvalg kan oppnå mer»
20. Statusrapport pr. september 2019
21. Økonomirapport pr. september 2019
22. Kst-vedtak 19.06.19, sak 28/19 – rapport om Kvalitet i skolene
23. Kst-vedtak 19.06.19, sak 29/19 – oppfølging av rapport om Kvalitet i helse
24. Kst-vedtak 19.06.19, sak 31/19 – Revisjonsavtalen
25. Protokoll fra årsmøte i Forum for kontroll og tilsyn (FKT) 04.06.19
26. Valg av kontrollutvalg for perioden 2019-2023 – brev fra FKT 01.07.19
27. Statusrapport pr. november 2019
28. Kst. vedtak 09.10.19, sak 56/19 – valg av kontrollutvalg 2019 - 2023
28. Taushetserklærings skjema (ble signert i møtet)
29. Innkalling til representantskapsmøte i Haugaland Vekst IKS 13.12.19
30. Konferanse 2020 for kontrollutvalgene – Sandnes 09.01.20
31. Invitasjon til NKRFs kontrollutvalgskonferanse 29. – 30. januar 2020
32. Ønsker åpenhet og innsyn i kommunenes arbeid – Kommunal Rapport 28.10.19